



Britt Hernæs Bredholt
Nævdal 96
5957 Myking

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/5315 - 22/82246

Saksbehandlar:
Hogne Askeland
hogne.askeland@alver.kommune.no

Dato:
28.10.2022

Varsel om avvik ved tømning av slamavskiljar bnr. 35/29 Nævdal

Tiltak: Lågt nivå i slamavskiljar
Byggjestad: Gbnr: 35/29
Tiltakshavar: Hans Albert Bredholt

Alver kommune har den motteke melding frå Norva24 AS den 29.00.2022 om at det ved tømning den 29.06.2022 vart registrert lågt nivå i septiktanken på eigedommen din med adresse Nævdal 96. Lågt nivå i tanken tyder på at det kan vere lekkasje frå tanken, og at den ikkje fungerer slik den skal. Ved lekkasje frå septiktanken renn avløpsvatn ut i grunnen med fare for forureining og med fare for at menneske og dyr blir sjuke.

Når det er fare for forureining, skal den ansvarlege for forureininga sørgje for tiltak for å hindre at forureining skjer. Når forureining har oppstått, skal ein ansvarlege sørgje for å stanse, fjerne eller avgrense forureininga.

Tilstanden må utbetrast. Frist for arbeidet vert sett til 31.12.2022.

Dersom vi ikkje får inn skriftleg tilbakemelding om utført arbeid innan fristen, varslar vi samstundes at vi kan pålegge deg å utbetre forholdet og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forureiningslova §§ 7 og 73.

Dersom du meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller at det finns andre grunnar til at du ikkje har plikt til å utbetre tilstanden, ber vi om at du tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

For å få utbetra eit avløpsanlegg må du kontakte eit godkjent rørleggarføretak. For tiltak som gjeld nytt lokk/lås eller liknande kan du sjølv utføre arbeidet.

Når lekkasjen er reparert, må du fylle ut vedlagte skjema for utført arbeid og returnere det til kommunen.

Avviksmelding med bilete frå Norva24 er vedlagt.

Skjema sender du/de til

- post@alver.kommune.no eller
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug.

Aktuelt regelverk:

- Plikt til å unngå forureining følgjer av forurensingslova § 7.
- Kommunen kan gje pålegg om retting med heimel i forurensingslova § 7.
- Illegging av tvangsmulkt følgjer av forurensingsloven § 73
- Straffansvar for forureining eller forsøpling framgår av forurensingsloven §§ 78 og 79.
- Plikt til å installere godkjend avløpsanlegg på eigedommen følgjer av forureiningsforskrifta kapittel 12.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 56349006 eller på e-post til post@alver.kommune.no

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Hogne Askeland
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Melding om avvik i septiktank - gbnr 35/29 Nævdal

bilde

Skjema for tilbakemelding om utført arbeid på VA anlegg_gbnr35_29

Mottakarar:

Britt Hernæs Bredholt
Hans Albert Bredholt

Nævdal 96
Nævdal 96

5957 Myking
5957 Myking